

Vår saksbehandlar:
Njål Gunnar Slettebø

Direkte telefonnr.:
53 42 31 32

Vår dato:
24.11.2014
Dykkar dato:

Vår referanse:
2008/1972-04626428/2014
Dykkar referanse:

Hordaland Fylkeskommune Vassregionmyndigheit Hordaland
Postboks 7900
5020 Bergen

REGIONAL PLAN FOR VASSREGION HORDALAND 2016-2021. HØYRING FRÅ BØMLO KOMMUNE

Bømlo Formannskap handsama i møte 18.11.2014 sak72/14 høyringsframlegget til regional plan for vassregion Hordaland. Bømlo Formannskap gjorde samrøystes slikt vedtak:

Bømlo kommune har ingen merknader til regional plan for vassregion Hordaland. I tiltaksprogram for vassregion Hordaland bør det under vassførekomst Storavatnet, vassførekomst 043-22224-L, takast inn eit nytt tiltak: Intensivera arbeidet med å få private eigedomar som har mulighet til å kople seg til offentleg avløp, til å gjere dette.

Bømlo kommune har ingen merknader til overvakingsprogram 2016-2021.

Me sender med dette saksprotokoll og saksutgreiing.

Høyringssvaret gjeld dykkar sak: 2014/16490

Med helsing
BØMLO KOMMUNE

Njål Gunnar Slettebø
Landbrukssjef



Dato: 28.10.2014
Arkivref: 2008/1972-
24166/2014 / 046

Saksbehandlar: Njål Gunnar Slettebø
53 42 31 32
njål-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
72/14	Formannskapet	18.11.2014

REGIONAL PLAN FOR VASSREGION HORDALAND 2016-2021. HØYRING.**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Bømlo kommune har ingen merknader til regional plan for vassregion Hordaland. I tiltaksprogram for vassregion Hordaland bør det under vassførekomst Storavatnet, vassførekomst 043-22224-L, takast inn eit nytt tiltak: Intensivera arbeidet med å få private eigedomar som har mulighet til å kople seg til offentleg avløp, til å gjere dette.

Bømlo kommune har ingen merknader til overvåkingsprogram 2016-2021.

Saksprotokoll i Formannskapet - 18.11.2014**Vedtak:**

Formannskapet gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Dokument i saka:

Brev frå Hordaland Fylkeskommune datert 30.06.2014
Sak 30/14 i Naturbruksutvalet 20.10.2014.

Bakgrunn for saka:

I brevet frå Hordaland Fylkeskommune står det:

«Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021 med tiltaksprogram ut på høyring og offentleg ettersyn, etter vedtak i fylkeskommunene Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøer, grunnvatn og kystvatn. Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og **2027** og arbeidet går fram til 2033.

- Den regionale planen set miljømål for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn.
- Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å forebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt.

- Det viktigaste faktagrunnlaget er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for
- vassforvaltning, Vann-nett, www.vann-nett.no.
- Overvakingsprogram for vassregion planen er vedlegg til planen.

Informasjon.

Planen er utlagt hos Hordaland fylkeskommune, Info- og servicesenter, Fylkeshuset, Agnes Mowinkelsgt 5, Bergen. Planen og informasjon om planarbeidet og høyringa ligg på nettsida www.vannportalen.no/hordaland. Kontaktperson: Sølve Sondbo, solve.sondbo@hfk.no (tlf. 55 37 80 01). Høyringsfristen er 31. desember 2014.

Regional plan for vassregion Hordaland:

«Samandrag:

I samsvar med regional planstrategi for 2010 – 2014 og vassforskrifta er det utarbeidd høyringsforslag til Regional plan for vassregion Hordaland. Denne planen er den første av 3 slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Planarbeidet har vore leia av Vassregionutvalet, ei samansett styringsgruppe med fylkesvaraordførar som leiar. Alle kommunane i vassregionen og aktuelle statlege sektormyndene er med i Vassregionutvalet.

Den regionale planen for vassregion Hordaland set miljømål for 1803 vassførekomstar i Hordaland. For område som alt har meget god eller god økologisk tilstand, vert dagens tilstand vidareført som mål for tilstanden i 2021. Dette gjeld 709 vassførekomstar i Hordaland. Alle dei 971 vassførekomstanene som er i risiko for å ikkje nå miljømål får i denne planen definert mål for miljøtilstanden.

Vassforvaltning etter vassforskrifta er no inne i andre planperiode. Den første planperioden vart kalla «pilotfasen» og gjaldt berre nokre få utvalde område. I Hordaland var berre Nordåsvatnet vassområde i Bergen kommune med i første planperiode. Dette er difor den første planperioden der alle områdar og vassførekomstar er med. Planen er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen forplikta til å leggje miljømåla til grunn for planlegging og verksemd.

Det viktigaste faktagrunnlaget for planen er data som er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning - vann-nett (www.vann-nett.no/saksbehandler). Denne databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet, enten basert på overvakingsdata eller på faglege vurderingar.

Dei tre påverknadene som omfattar flest vassførekomstar i vassregionen er:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)
3. Forureining

Sur nedbør kan vi ikkje påverke i særleg grad med tiltak innanfor vassregionen. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og trua artar i vassregionen. Planen setter miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Over halvparten av vassførekomstanene i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for å ikkje oppnå miljømåla i 2020 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsakene sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining, miljøgifter og område med kosthaldsråd.

Tiltaksprogram for vassregion Hordaland

Samandrag

Dette er eit tiltaksprogram etter vassforskrifta for vassregion Hordaland. For å nå miljømåla skal eit regionalt tiltaksprogram gje oversyn over tiltak for å førebygge, forbetre og/eller gjenopprette tilstanden der det er naudsynt.

Totalt har tiltaksprogrammet 912 tiltak med fordelinga på vassområde og kystvatn, innsjøar og vassdrag.

Vassområde	Tal tiltak	Kyst	Innsjø	Elv	Grunnvatn
Vest	300	23	73	204	1
Nordhordland	127	34	49	57	
Sunnhordland	114	23	20	71	1
Voss-Osterfj.	123	6	61	56	
Hardanger	231	19	50	162	2
Sum tiltak	912	105	253	550	4

Tiltak fordelt etter påverknadstype.

Påverknad	Vest	Nordhordland	Sunnhordland	Voss-Osterfjorden	Hardanger
Vasskraft	17	15	19	54	119
Landbruk	59	72	55	14	21
Industri	4	4	11	2	11
Spreidd avløp	54	38	22	15	12
Framande artar		8	5		3
Fiskeoppdrett	2	1	1	16	
Anna punktkjelde		3		2	
Vassuttak	4	1			
Sur nedbør	6	1		2	
Søppelfylling/deponi	11	2		6	
Anna diffus forureining	7	1		4	
Annan påverknad	18	4			57
Kommunalt avløp	2				9
Transport infrastruktur	10				
Spillvatnlekkasje	37				
Vassforsyningsreservoar	2				
Utslepp frå fritidsbåtar	1				
Massedeponi	2				
Urban avrenning	19				
Bekkelukking	13				
Vegkulvert			2		

Problemkartlegging er viktig for det vidare arbeidet og viktig i tiltaksprogrammet, sjølv om problemkartlegging ikkje er rapportpliktig tiltak for Noreg til EU. Problemkartlegging som tiltak er foreslått for 279 vassførekomstar i vassregionen.

Vassområde	Kyst	Vassdrag	Innsjø	Grunnvatn	Sum
Hardanger	3	52	30	2	85

Nordhordland	10	21	10		41
Sunnhordland	7	4	1	1	12
Vest	3	43	16	1	62
Voss- Sunnhordland	4	30	41		75
Sum	27	150	98	4	279

Tiltaksprogrammet er summen av tiltak for å betre vassmiljøet i vassførekomst i risiko for å ikkje nå miljømålet i 2021.

Miljømåla skal i utgangspunktet nåast innan 2021 i denne planperioden. Om vesentlege kostnader eller andre tungtvegande omsyn gjer det vanskeleg å nå miljømåla innan 2021, kan forvaltingsplanen utsetje fristen for å nå målsetjinga til neste planperiode (2027).

Unntak frå vassforskriftas "standard miljømål" skal knytast til vassforskrifta §§ 9-12:

- utsette fristar for å nå god tilstand innan 2021, 2027 eller seinare
- mindre strenge miljømål
- mellombels forringing av tilstanden i tilfelle naturgitte hendingar eller "force majeure"
- nye inngrep

Sunnhordland :Innsjøar. Me tek med dei 3 første på lista .

Vass - førekomst	Namn	Kommune	Påverknads type	Forslag Standard miljømål	Tiltak	Mynde
042-22167-L	Nesjastøls vatn	Kvinnherad	Vassførings regulering	GØP 2021	Evt utfisking	NVE
042-23127-L	Langes/ Sandvatn	Etne	Vassførings regulering	GØP 2021	Evt utfisking	NVE
043-22224-L	Storavatnet	Bømlo	Spreidd busetnad	GØT 2021	MT80. Separering av overvann og spillvatn medfører reduert overløps mengde og meir konsentrert avløpsvatn til reinseanlegg	Komm Bømlo

Sunnhordland:Kystvatn:Me tek med aktuelle for Bømlo:

Vass- førekomst	Namn	Kommune	Påverknads type	Forslag Standard miljømål	Tiltak	Mynde
026004020 0-C	Kvinnherads- fjorden	Tysnes	Annan påverknad	GØT 2021	134 Overvaking og etterkontroll	Mattilsynet FMHO

026004050 0-C	Sildafjorden	Kvinnherad	Annan påverknad	GØT 2021	134 Overvaking og etterkontroll	Mattilsynet FMHO
026001050 1-5-C Mulig risiko	Innværfjorden	Bømlo	Annan punktkjelde	Miljøovervaking		Komm Bømlo
026001050 1-5-C Mulig risiko	Innværfjorden	Bømlo	Industri (ikkje IPPC)	Miljøovervaking		FMHO
026001050 1-5-C Mulig risiko	Innværfjorden	Bømlo	Kommunalt avløpsvatn utan reinsing	MT82 Forlenging av leidningsnett. Auka tilknytting til reinseanlegg frå tidlegare spreidd bustadbygging		Komm Bømlo

Overvakingsprogram 2016-2021 for vassregion Hordaland

Samandrag

Etter vassforskrifta § 18 skal eit regionalt overvakingsprogram skildre ei heilskapeleg overvaking av tilstanden i vassforekomstane i vassregionen. Programmet skal omfatte relevante økologiske, kjemiske, kvantitative og fysiske parameter i vassforekomstane. Overvakingsprogrammet for vassregion Hordaland omfattar tiltaksovervaking og problemkartlegging basert på kva forslag til tiltak, inkludert problemkartlegging, som er foreslått i tiltaksanalysar og/eller tiltaksprogram i vassforekomstane i regionen. Tabellen under viser talet på vassforekomstar der det er foreslått tiltaksovervaking (T) og problemkartlegging (P). Den avgrensa overvakinga i grunnvatn er ikkje tatt med i oversynet.

Vassområde	Tiltaks- overvåking elv	Tiltaks- overvåking innsjø	Tiltaks Overvåking Kystvann	Problem Kartlegging elv	Problem- Kartlegging innsjø	Problem- Kartlegging Kystvatn
Nordhordland	40	26	9	13	15	7
Voss-Osterfj.	22	18	0	28	29	2
Vest	73	57	18	39	25	6
Hardanger	55	18	8	42	26	2
Sunnhordland	26	28	8	10	2	3

Programmet lister også opp basisovervakinga som Miljødirektoratet har foreslått i vassområda. Ein har også prøvd å lage ei så komplett som mogleg liste over påleggsundersøkingar og frivillige overvakingsprogram i vassforekomstane i vassregion Hordaland som er i drift i dag. Tabellen under viser talet på vassforekomstar der det er foreslått basisovervaking (B) og kor det i dag er påleggsovervaking og frivillige overvakingsopplegg (K).

Vassområde	B elv	B Innsjø	B Kystvatn	K elv	K innsjø	K-Kystvatn
Nordhordland	11	5	6	2	6	1
Voss-Osterfj.	20	3	5	5	1	5
Vest	3	7	13	5	9	0
Hardanger	7	0	3	9	9	0
Sunnhordland	2	3	12	3	9	9

I fleire vassforekomstar er det aktuelt med fleire typar overvaking. Samletabellane i overvakingsprogrammet er derfor nyttige hjelpemiddel når ein skal sette overvakingsprogrammet ut i livet. Det er viktig å samkjøre ulike overvakingsopplegg for å effektivisere overvakinga.

Det er ikkje gjort noko kostnadsoverslag i overvakingsprogrammet for vassregion Hordaland. Dette kan ein først gjøre når arbeidet med å bestemme dei endelege tiltaka er gjort. I vassregion Hordaland er det planen å sette i verk overvakingsprogrammet gjennom 10 delopdrag, eit for kystvatn og eit for ferskvatn (elv og innsjø) i kvart vassområde.

Bømlo Naturbruksutval:

Bømlo Naturbruksutval hadde regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 oppe som sak 20.10.2014. Det vart samrøystes gjort slikt vedtak:

Bømlo Naturbruksutval har ingen merknader til regional plan for vassregion Hordaland. Ein har heller ingen merknader til Tiltaksprogram for vassregion Hordaland eller overvakingsprogram 2016-2021.

Vurderingar:

Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. Planen består av tre delar med tiltaksanalysane som vedlegg.

- 1.Regional plan for vassforvaltninga
2. Tiltaksprogram
- 3.Overvakingsprogram.

Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene. Vassregion Hordaland er delt inn i 5 vassområde. Bømlo er med i vassområde Sunnhordland saman med kommunane Kvinherad, Etne, Tysnes, Sveio, Stord og deler av Vindafjord og Haugesund. I arbeidet med tiltaksprogrammet for vassregion Hordaland har det vore tilset prosjektleiar i alle 5 vassområda. I vassområde Sunnhordland har Kari Rydland i Fitjar kommune vore prosjektleiar. Alle vassområde har hatt vassområdeutval, kor kommunane og statlege sektormyndene har vore representert.

Som ein ser er Storavatnet einaste innsjø dvs. ferskvatn på Bømlo som er med i tiltaksprogrammet og Innværffjorden er einaste kystvatn dvs. sjøområde som er omtalt i tiltaksprogrammet. Storavatnet er ført opp som R-risiko. Det er risiko for at vatnet ikkje når miljømålet om god økologisk tilstand innan 2021.

Storavatnet:

Tiltaka som er sett opp er tiltak som er med i Bømlo kommune sin hovudsplan avløp frå 2008 men som ikkje er gjennomført. Dette gjeld separering av drensvatn og kloakk frå bustadfeltet på vestre delen av Leite. Dette tiltaket vil føre til at kloakkpumpene ikkje vil gå i overløp til Storavatnet på flaumdagar.

Som eit resultat av arbeidet med vassforskrifta har Miljødirektoratet starta prøvetakingsprogram i Storavatnet. Norsk institutt for vannforskning NIVA har teke vassprøvar kvar månad frå mai til oktober i 2014. Om nokre år vert det ny prøvetaking. Det er svært positivt at ein på denne måten har ei miljøovervaking av Storavatnet utan at det vert store kostnader for Bømlo kommune.

Innværffjorden:

Innværffjorden er sett i miljøtilstand M dvs. moderat miljø tilstand. Risiko MR dvs. mulig risiko. Og type overvaking er det gjort framlegg om P+T+K. dvs. problemkartlegging, tiltaksovervaking og påleggsovervaking.

Tiltaket i Hovudplan avløp 2008 er å få samla alle kloakkutsleppa til Innværfjorden og få ført dei ut forbi terskelen. Dette arbeidet er starta opp. Det er bygt reinseanlegg ved hurtigbåtterminalen i Rubbestadneset der all kloakk i område Innværfjorden skal pumpast før han vert ført ut i Stokksundet. Pumpestasjonen ved Søresjøen er på plass. Vidare er det under planlegging bygging av pumpestasjon i Brubakken.

Innværfjorden er ført opp i tiltaksprogrammet som mulig risiko og med tiltak miljøovervåking. Me har ingen merknad til dette. Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS har gjennomført marinbiologisk undersøking av Innværfjorden i 2014. Denne viser at det er viktig at arbeidet med kloakksanering av avløpa til Innværfjorden vert gjennomført. Prioritering av tiltaka vil verte gjort i samband med rulleringa av Hovudplan Avløp.

Oppsummering og konklusjon:

Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland har sendt Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021 med tiltaksprogram ut på høyring. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøer, grunnvatn og kystvatn. Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Den regionale planen set miljømål for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt.

I Bømlo er Storavatnet og Innværfjorden med i tiltaksprogrammet. Kommunale tiltak som er med i Hovudplan Avløp frå 2008 er sett opp som tiltak i tiltaksprogrammet.